
Søkar

Institusjonsopplysningar

Kommunenamn	1500 kommune
Institusjonsnamn	Møre og Romsdal fylkesbibliotek
E-post	post@mrfylke.no
Postadresse	Kirkegata 10 B
Postnummer	6004
Poststad	Ålesund
Kontonummer	42120770300
Leiar av institusjonen	
Førenamn	Inger Lise
Etternamn	Aarseth
Telefon	
E-post	inger.lise.aarseth@mrfylke.no

Er leiar av institusjonen kontaktperson for tiltaket? **Nei**

Kontaktperson

Førenamn	Åshild
Etternamn	Widerøe
Telefon	71 280 502
E-post	ashild.wideroe@mrfylke.no

Tiltak

Beskriv tiltaket

Namn på tiltaket	Utfor - formidlingsprosjekt i samarbeid med ungdom i Møre og Romsdal
Varigheit på tiltaket	1-årig
Mål for tiltaket	Tiltaket har som mål å auke formidlingskompetansen hos bibliotektilsette og nå ut til ungdom som elles ikkje aktivt søker til biblioteket i dag. Tittelen "Utfor" spelar på at biblioteka skal ut og formidle. Målet er at tiltaket skal gjere at nye brukarar skal nytte biblioteket sine tenester. Tiltaket skal gi bibliotektilsette erfaring i å prøve å nå ungdom på nye måtar og nye arenaer. Dette vil kunne bidra til at fleire ungdomar opplever bibliotektilbodet som relevant for dei, og vil kunne gjere biblioteka betre rusta til å engasjere ungdomar i åra som kjem. Effekten av tiltaket vil ein sjå att i utlånsstatistikken, bruk av digitale tilbod og for eksempel tal på visningar av TikTok-videoar.

Beskriving av tiltaket

Folkebiblioteka i Møre og Romsdal opplever, til liks med mange andre folkebibliotek i landet, at det er utfordrande å nå ungdom i alderen 13–20 år med bibliotektilbodet som finst for denne gruppa. Folkebiblioteka er opptekne av å utvikle tilbodet slik at ungdom i større grad opplever biblioteka som relevante.

Seksjon for arkiv, bibliotek og museum i Møre og Romsdal fylkeskommune står som tiltaksansvarleg og søker med dette midlar til aktiv formidling i kategori A på vegner av ti folkebibliotek som skal samarbeide. Desse folkebiblioteka er Averøy, Gjemnes, Hustadvika, Kristiansund, Molde, Rauma, Smøla, Sula, Sykkylven og Tingvoll. Det vil bli oppretta ei arbeidsgruppe der representantar frå desse er med, både frå bybibliotek og dei små biblioteka, og det vil vere naturleg at eitt av biblioteka tar på seg rolla som prosjektleiar. Vi på fylkesnivå vil bidra med støtte undervegs.

I tråd med den nasjonale bibliotekstrategien ønsker biblioteka å nå ungdomane der dei er i kvardagen. Det kan vere i skolen, i fritidsklubben, på fotballtrening, i UKM eller kulturskolen, avhengig av strukturane i lokalmiljøet. Måten biblioteka møter ungdom på kan vere avgjerande for kva rolle biblioteket spelar i liva deira når dei blir vaksne. Det vil difor vere viktig å invitere ungdomar til å bruke digitale plattformer/flater dei sjølve elles er på, i arbeidet med å utvikle ei formidling som kan engasjere dei som gruppe.

Folkebiblioteka ønsker å bygge på allereie eksisterande tilbod, og vil legge vekt på appen BookBites som inngang for ungdom til litteraturen og slik nærme seg bøkene på tre ulike måtar:

1. Lære ungdom korleis dei brukar BookBites og kva litteratur ein kan finne der
2. Ha høgtlesing av ein tekst, gjerne eit utdrag frå ei bok, primært ved bruk av Shared Reading
3. Formidle bøker via digitale plattformer/flater. Dette kan for eksempel vere TikTok eller podkast

Folkebiblioteka ser at det trengst meir tid og ressursar til å introdusere ungdom for, og lære dei å bruke BookBites, slik at ungdommen veit om og får tilgang til litteraturen der.

Gjennom prosjektet «Litterære pusterom – Shared Reading for større livskvalitet» har mange bibliotektilsette i Møre og Romsdal blitt kursa som leseleiarar. Dette gjer at det er svært aktuelt å bruke Shared Reading, også kalla delt lesing, her i fylket. Metoden er mest brukt i høgtlesing for vaksne og det vil vere nyttig med eit breiare erfaringsgrunnlag for bruk av metoden i arbeidet med formidling til ungdom. Dei bibliotektilsette som ikkje har vore på kurs i Shared Reading, vil kunne formidle teksten på anna vis.

I arbeidet med å formidle litteratur på digitale plattformer eller flater, så vil valet skje i dialog med ungdomar lokalt. Her er det eit ønske å kunne engasjere ungdom til å lage TikTok-videoar, podkastar under rettleiing av og i samarbeid med formidlarane frå biblioteka.

Folkebiblioteka vil gjennom det å prøve ut nye formidlingstiltak kunne etablere tettare kontakt med ungdomsmiljøa gjennom oppsøkande verksemd og slik nå nye brukarar av bibliotekenestene.

Folkebiblioteka bidrar med eigeninnsats i form av arbeidstid inn i prosjektet og vi ser føre oss ein modell der enkelte bibliotek tar på seg eit større ansvar enn andre for å gjennomføre tiltaka. Dette vil vere avhengig av kva for kompetanse det enkelte biblioteket har blant sine tilsette og vil samla sett styrke den aktive formidlinga for ungdom i mange av kommunane i Møre og Romsdal.

Samarbeidspartnarar

Har du samarbeidspartnar(ar)?	Nei
-------------------------------	-----

Budsjett

Inntekter

Omsøkt beløp frå Nasjonalbiblioteket	750 000
--------------------------------------	---------

Beskriving andre inntekter	Eigeninnsats frå dei ti folkebiblioteka som er med i prosjektet
Beløp	190 000
Samla inntekter:	940 000

Utgifter

Beskriving andre utgifter	Arbeidstid i deltakande folkebibliotek, 412 timar med timesats kr 461 inkl. sosiale utgifter
Beløp	190 000
Beskriving andre utgifter	Frikjøp av bibliotektilsette i dei deltakande folkebiblioteka, 1627 timar a kr 461 inkl. sosiale utgifter
Beløp	750 000
Samla utgifter:	940 000

Inntekter - utgifter

0

Vedlegg

Last opp vedlegg
